



Adv. Mikkel Mundal as
Lyngvegen 2
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/713 - 14/2436

Saksbehandlar:
Kjersti Flatråker
kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:
11.03.2014

Delingssak gbnr 45/7 Manger - Selfallet - søknad om deling - tomt B 13 4 i regulert felt

Delegasjonssak nr.: 39/2014

Saksutgreiing:

Me viser til søknad motteke 06.03.2014.

Vedtak

Det vert gjeve samtykke til deling for omsøkt areal på gnr 45 bnr 7 til tomt B 13 4 på følgjande vilkår:

1. Erklæring om vegrett (andre rettar/plikter) må leggjast fram for kommunen for tinglysning. Dette slik at erklæring kan tinglysast samstundes som den nye grunneigedomen vert oppretta i grunnboka.
2. Reguleringsplan for Selfallet, arealdel og føresegner, vert følgd.

Grunngjeving av vedtaket er at søknaden er i tråd med gjeldande reguleringsplan for området.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslovas § 20-1 m, jf 12-4 samt naturmangfaldslova §§ 8-12.

Det vert søkt om deling av grunneigedom gnr 45 bnr7 i Radøy kommune. I kommuneplanen er omsøkt areal definert til byggjeområde for heilårsbustader. Føremålet med delinga er i tråd med overordna plan for området.

Søknaden skal handsamast etter plan- og bygningslova "Kapittel 20 .Søknadsplikt".

Omsøkt areal er del av reguleringsplan for Selfallet godkjent av kommunestyret i møte 16.01.2007 og er regulert til heilårsbustader. Arealet som skal delast i frå er i søknaden sagt å vere på 870 m². Det er Gripsgård eigedom AS som er kjøpar av tomta.

Kartutsnitt



Naboane er varsla slik lova krev, men det er ikkje komme merknader til omsøkte tiltak.

Vurdering:

Rådmannen vil gje samtykke til omsøkt deling med vilkår om at ein har tilkomst til tomta, tinglyst rett til bruk av veg og at ein koplar eigedomen til nytt anlegg for vatn og avløp. Kommunen set som vilkår at reguleringsplanen, arealdel og føresegner, vert følgt.

Søknadspliktige tiltak på eigedomen kan berre skje etter godkjent søknad til kommunen.

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt arealplanleggjar Kjersti Flatråker.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Kjersti Flatråker
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Adv. Mikkel Mundal as

Lyngvegen 2

5914

ISDALSTØ